



VOLDA KOMMUNE

Overordna innkjøpsstrategi

Vedteken av kommunestyret 30.05.2024

Innhald

1	Innleiing	3
2	Organiseringa av innkjøpsfunksjonen i Volda kommune.....	3
3	Visjon/hovudmål	3
4	Delmål.....	4
4.1	Delmål 1: Volda kommune skal ha ein systematisk og heilskapleg innkjøpspraksis som er i tråd med anskaffingsregelverket	4
4.1.1	Målbilete.....	4
4.1.2	Tiltak	5
4.2	Delmål 2: Volda kommune skal gjennomføre digitale innkjøp som er gjennomsiklige og som kan etterprøvast.....	5
4.2.1	Målbilete.....	5
4.2.2	Tiltak	6
4.3	Delmål 3: Volda kommune sine innkjøp skal ha riktig kvalitet og dekkje relevante behov ...	6
4.3.1	Målbilete.....	6
4.3.2	Tiltak	7
4.4	Delmål 4: Volda kommune skal bidra til innovasjon og utvikling av lokalt næringsliv.....	7
4.4.1	Målbilete.....	7
4.4.2	Tiltak	7
4.5	Delmål 5: Volda kommune skal ivareta sitt samfunnsansvar i alle innkjøpsprosessar	8
4.5.1	Generelt	8
4.5.2	Klima og miljø	9
4.5.3	Sosial berekraft	10
4.5.4	Økonomisk berekraft	11
4.5.5	Tenestekvalitet.....	12

1 Innleiing

Innkjøp er ved sida av løn ein av dei største utgiftspostane til offentleg og kommunal sektor. Kommunale innkjøp fører til leveransar som er kritiske for kvalitet og kost på investeringar, drift og tenesteproduksjon. Sentrale styresmakter som regjering og storting peikar difor stadig på at innkjøp i aukande grad vert avgjerande for oppfyljing av kommunane sitt samfunnsoppdrag, og at innkjøp er eit av dei mest sentrale verkemidla kommunane har for å oppnå sine overordna målsetnader.

Som følgje av dette stillast det stadig strengare krav til gjennomføringa av offentlege innkjøp og kompetansen til dei som er involvert i innkjøpsprosessane. Blant anna med tanke på regelverk, økonomi, klima og miljø, etisk handel, innovasjon, leverandørutvikling og marknadsforståing/marknadsinnsikt.

Med dette i tankane har Volda kommune sin innkjøpsstrategi eit tredelt hovudformål. For det fyrste skal strategien danne grunnlaget for ein felles overordna tankemåte, åtferd og innkjøpskultur. For det andre skal strategien leggje til rette for at kommunen kan bruke innkjøp som eit verkemiddel for å oppnå sentrale verksemdsmål, forankra i politiske vedtak og administrasjonen sitt verke. For det tredje skal strategien bidra til effektiv utnytting av dei tilgjengelege ressursane i kommunen.

Innkjøpsstrategien gjeld for alle kommunen sine sektorar, avdelingar og seksjonar. Kvar eining er ansvarleg for at strategien vert etterlevd i praksis. Vidare er strategien forankra i nasjonale og lokale politiske føringar, retningslinjer frå sentrale myndigheiter, innkjøpsregelverket og kommunen sitt forbetningspotensiale på innkjøpsområdet.

2 Organiseringa av innkjøpsfunksjonen i Volda kommune

Volda kommune er medlem i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune. Gjennom innkjøpssamarbeidet får kommunen dekt store delar av behovet for rammeavtalar for kjøp av ulike typar varer og tenester.

For å oppnå tilstrekkeleg behovsdekning må Volda kommune likevel gjennomføre mesteparten av innkjøpa sine sjølv. I denne samanheng har kommunen ein desentralisert innkjøpsfunksjon. Det inneber at ansvaret for både innkjøpsgjennomføringa og påfølgjande kontraktsforvaltning ligg plassert rundt om i organisasjonen på dei ulike sektorane og avdelingane. I dei aller fleste tilfelle er budsjettansvarleg også kontraktseigar. Det vil seie ansvarleg for at kontrakten vert gjennomført i tråd med det som er avtalt. Vedkommande delegerer anten heile eller delar av ansvaret nedover i linja, eller held i ansvaret sjølv.

Volda kommune har vidare ein eigen funksjon som innkjøpsrådgjevar/innkjøpsansvarleg som støttar sektorane og avdelingane på innkjøpsområdet. Vedkommande har ansvaret for å sikre at kommunen har nødvendig systemstøtte for digitalisering av innkjøpsprosessen, alle innkjøpsrelaterte malar og prosessbeskrivingar, fasilitere og gjennomfører anskaffingar etter bestilling, vere kontaktperson mot innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre og yte alle typar innkjøpsfagleg rådgjeving.

3 Visjon/hovudmål

Volda kommune har som hovudmål eller visjon at alle innkjøp skal vere kostnadseffektive, ha tilstrekkeleg kvalitet, bidra til god tenesteproduksjon, bidra til at kommunen oppfyller sitt samfunnsansvar, støtte opp under kommunens målsetnader og strategiar, og skape meirverdi for både kommunen og lokalsamfunnet.

For å oppnå denne ambisiøse, men realistiske visjonen/hovudmålet består innkjøpsstrategien av fem konkrete delmål som beskriver ønskja målbilete og tiltak som skal føre kommunen dit. Delmåla tek for seg ulike sider av innkjøpsarbeidet:



Figur 1: Oversikt hovudmål og delmål

4 Delmål

4.1 Delmål 1: Volda kommune skal ha ein systematisk og heilskapleg innkjøpspraksis som er i tråd med anskaffingsregelverket

4.1.1 Målbilete

Volda kommune skal ha ein godt forankra innkjøpspraksis som er felles i heile organisasjonen, og som er bygd på den overordna innkjøpsstrategien. Ein samanfallande, god og systematisk innkjøpspraksis er av stor strategisk betydning, og har positiv påverknad på kommunens tenesteproduksjonen. For å sikre at sentrale mål vert nådd, skal kommunalsjefar og avdelingsleiarar jobbe saman med innkjøpsansvarleg for å oppretthalde ein god innkjøpskultur og prioritere innkjøp i stor nok grad.

Alle malar, prosessbeskrivingar, rutinar og anna innkjøpsrelatert dokumentasjon skal vere godt kjent i kommunen sine sektorar og avdelingar. Alle tilsette som på ein eller annan måte jobbar med innkjøp, eller er innom innkjøpsområdet i sin arbeidskvardag, skal vite kvar relevant informasjon ligg lagra, korleis ansvar er fordelt og korleis innkjøp skal gjennomførast. Kommunen skal stå fram som ein samla organisasjon på innkjøpsområdet. Innkjøpspraksisen skal vere så lik på tvers av sektor og avdelingar at leverandørar som får tilsendt anskaffingsdokumentasjon og deltek i anskaffingsprosessar ikkje skal merke forskjell avhengig av kven som er involvert frå kommunens side.

Kvar sektor og avdeling skal jobbe systematisk med innkjøp, og det skal leggjast ein samla plan for alle innkjøp kommunen skal gjennomføre i løpet av eit kalenderår. Leiarar og budsjettansvarlege skal planleggje alle innkjøp ut frå budsjett.

Vidare skal tilsette som gjennomfører innkjøp ha grunnleggjande kunnskap om anskaffingsregelverket for å sikre etterleving av alle relevante lover og forskrifter.

Utover dette skal kommunen til ei kvar tid ha oversikt over eigen kontraktsporfølje og følgje opp avtalar på ein effektiv måte. Tilsette skal vite kvar kommunen sine avtalar ligg lagra. Både dei som kommunen inngår sjølv, og dei som er inngått av innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre.

4.1.2 Tiltak

- Kommunen skal ha ein forankra og oppdatert innkjøpsprosess som skildrar korleis innkjøp skal gjennomførast for å etterleve innkjøpsstrategien. Inkludert kva som skal produserast av dokumentasjon og kvar dokumentasjonen skal arkiverast.
- Kommunen skal til ei kvar tid ha eit komplett og dekkjande innkjøpsmalverk. Malane skal brukast i alle innkjøp, og skal reviderast årleg.
- Kommunen skal til ei kvar tid ha eit eige område både på intranett og i Microsoft Teams der all innkjøpsrelatert hjelpedokumentasjon ligg lagra.
- Innkjøpsansvarleg skal saman med kommunalsjefane ha ansvar for at overordna innkjøpsstrategi er godt kjent i alle kommunen sine sektorar og avdelingar.
- Innkjøpsansvarleg skal med jamne mellomrom gjennomføre kompetanseheving for tilsette som jobbar med innkjøp. Dette inkluderer grunnleggjande innføring i både regelverk, kommunens innkjøpsprosess og kvar all innkjøpsrelatert dokumentasjon ligg lagra.
- Kommunen skal alltid ha eit kontraktsadministrasjonsverktøy som gir oversikt over gjeldande kontraktsporfølje, og som kan brukast for å følgje opp kommunens kontraktar.
- Ved årsskifte skal innkjøpsansvarleg utarbeide eit årsjul som beskriv alle budsjetterte innkjøp som skal gjennomførast inneverande år.

4.2 Delmål 2: Volda kommune skal gjennomføre digitale innkjøp som er gjennomsiklige og som kan etterprøvast

4.2.1 Målbilete

Volda kommune skal i størst mogleg grad gjennomføre innkjøp digitalt. For anskaffingar over 100.000,- skal innkjøpa alltid vere digitale. For innkjøp under 100.000,- gjeld regelen om digitale innkjøp så langt det er praktisk mogleg og føremålstenleg.

Kommunen skal følgje den digitale utviklinga på innkjøpsområdet og kontinuerleg vurdere tilgjengelege programvareløysingar som kan forbetre innkjøpsprosessen. Blant anna vil bruk av kunstig intelligens som kan gi framtidige gevinstar.

Vidare skal kommunen ha gjennomsiklige innkjøpsprosessar som kan etterprøvast i tilstrekkeleg grad. Dette er viktig for å hindre korrupsjon, og for å oppretthalde god tillit og omdømme blant publikum. Alle innkjøp skal dokumenterast og arkiverast slik at det vert lett for både publikum og leverandørar å få innsyn i prosessane. I tillegg skal kommunen handsame krav om innsyn raskt og effektivt. Openheit og offentlegheit skal likevel ikkje gå utover personvern og datasikkerheit.

Volda kommune skal til ei kvar tid følgje gjeldande regelverk knytt til bruk av kommunikasjon, konkurransegjennomføringsverktøy (KGV), protokollføring, arkivering og innsyn. Dette inneber blant anna at alle innkjøp over kunngjeringspliktig terskelverdi skal kunngjerast ved bruk av kommunens KGV, at det skal utarbeidast protokoll for alle innkjøp med ein verdi over 100.000,- ekskl. mva, at alle innsynskrav skal vurderast opp mot openheitslovas hovudregel om innsyn i § 3 og at avslag på innsyn berre skal gis der det kan heimlast i lov eller forskrift. Den som vurderer eit innsynskrav skal alltid vurdere meirinnsyn.

4.2.2 Tiltak

- Kommunen skal for alle anskaffingar der det ikkje er krav om bruk av KGV likevel vurdere frivillig kunngjering via KGV så langt det er føremålstenleg. Viss ikkje, skal e-post med passordbeskyttelse brukast.
- Den som gjennomfører eit innkjøp skal saman med innkjøpsansvarleg dokumentere alle ledd i innkjøpsprosessen i tråd med innkjøpsregelverket og kommunens malar.
- Den som gjennomfører eit innkjøp skal saman med innkjøpsansvarleg arkivere alle dokument knytt til innkjøpet i gjeldande arkiv- og sakshandsamingssystem.
- Innkjøpsansvarleg skal i tillegg arkivere alle laupande avtalar i kommunens kontraktsadministrasjonsverktøy.
- Alle innsynskrav som gjeld innkjøp skal sendast til innkjøpsansvarleg for behandling.

4.3 Delmål 3: Volda kommune sine innkjøp skal ha riktig kvalitet og dekkje relevante behov

4.3.1 Målbilete

Volda kommune sine innkjøp skal bidra til at kommunen kan levere gode forvaltnings- og velferdstenester til publikum og næringsliv. Ved utarbeiding av anskaffingsdokumentasjon skal kommunen ha eit behovsorientert fokus. Det vil seie at fokuset skal vere på å definere og beskrive sjølvne behovet, ikkje på kva løysingar som finst i marknaden. Prinsippet er at kunden best kjenner sitt behov, medan leverandørane best kjenner sine løysingar.

Vidare skal kommunen sette av tilstrekkeleg med tid til å gjere grundige vurderingar av behovet og målet med innkjøpet i planleggingsfasen. Det er i denne fasen kommunen har størst påverknad på ønskja resultat. Både behovet og målet med innkjøpet skal vere kopla til kommunens overordna verksemdsmål og innkjøpsstrategi. Kor mykje tid og ressursar som brukast på å definere behovet avhenger av innkjøpet sin storleik og kompleksitet. I denne delen av prosessen står marknaddialog og dialog med andre oppdragsgjevarar som har gjennomført liknande innkjøp sentralt.

For å skildre det reelle behovet skal kommunen leggje til rette for tverrfagleg involvering av både premissgivarar, budsjettansvarleg og relevante fag- og driftsmiljø. Det skal takast omsyn til alle interessentar som i større eller mindre grad påverkast av innkjøpet. I denne samanheng er det eit sentralt moment at alle vedtekne innkjøpsrutinar vert følgd. Blant anna rutine for innkjøp av IKT-relaterte ytingar.

Vidare skal Volda kommune ha fullstendig avtaledekning innanfor laupande driftsbehov, og det skal vere full avtalelojalitet.

4.3.2 Tiltak

- Den som gjennomfører anskaffinga skal involvere tverrfagleg gruppe for å sikre god behovsdekning.
- Den som gjennomfører anskaffinga skal ha ein tydeleg strategi for gjennomføring av innkjøpet som koplar prosessen til kommunens overordna mål og innkjøpsstrategi
- Den som gjennomfører anskaffinga skal så langt det er praktisk ha fokus på behovsorienterte kravspesifikasjonar framfor tekniske spesifikasjonar.
- Kontraktseigar og den som gjennomfører anskaffinga skal ha fokus på å identifisere og realisere potensielle gevinstar i innkjøpsavtalane.

4.4 Delmål 4: Volda kommune skal bidra til innovasjon og utvikling av lokalt næringsliv

4.4.1 Målbilete

Volda kommune skal bruke innkjøp som eit strategisk verktøy for å stimulere til deltaking, utvikling og innovasjon i det lokale næringslivet. Som ein del av dette skal kommunen fyrst og fremst leggje til rette for at lokale leverandørar kan levere tilbod i kommunen sine konkurransar. Dette skal primært skje gjennom god rettleiing, kommunikasjon og involvering. Der regelverket opnar for det, skal kommunen invitere lokale leverandørar direkte til å delta i innkjøpsprosessane. Der det ikkje er mogleg med direkte invitasjon, skal kommunen informere om pågåande anskaffingar lokalt og sette lokale leverandørar i stand til å delta i konkurransen.

Vidare skal kommunen gjennomføre innkjøp på ein måte som legg til rette for innovasjon. Ved å ha ei open tilnærming med behovsorientert kravspesifikasjon, dialog med leverandørmarknaden, bruke veileigna og moderne kontraktsformar, samt fleksible anskaffingsprosedyrar, skal kommunen gi leverandørar moglegheit til å tilby innovative løysingar.

Kommunen byggjer ikkje berre for her og nå, men tek også høgde for framtidige behov. Demografien er i endring, og dette krev omstilling både på drifts- og investeringssida. Kommunen skal difor søkje å hente gevinstar ved å sjå fleire prosjekt i samanheng.

Samtidig skal kommunen ikkje innrette seg slik at alle innkjøp vert gjennomført som innovative prosjekt. Ressursbruken skal stå i stil med behovet og innkjøpsgjensanden. Behovet for innovasjon skal difor vurderast og skalerast i planleggingsfasen. Innovative innkjøp nyttast når kommunen har ei problemstilling der det manglar gode løysingar, og der innovasjon kan gi ein meirverdi/gevinst for kommunen og lokalsamfunnet.

4.4.2 Tiltak

- Den som gjennomfører innkjøp skal sikre at krav og vilkår for deltaking i innkjøpsprosessen står i tråd med innkjøpets gjenstand og kompleksitet. Det skal vere enklast mogleg for lokale leverandørar å delta i konkurransen.
- Den som gjennomfører innkjøp skal ha marknaddialog i forkant av konkurransen for å innhente innspel og tilbakemeldingar frå potensielle leverandørar. Både med tanke på utforming av anskaffingsdokumentasjon og kva løysingar som er tilgjengeleg i marknaden.
- Den som gjennomfører innkjøp skal halde tilbodskonferanse etter kunngjering/tilbodsføresurnad, men før tilbodsfrist, for å gå gjennom behov,

anskaffingsdokumentasjon og metode for levering av tilbud. Dette for å stimulere til lokal deltaking.

- Kommunen skal leggje ut alle innkjøp over 100.000,- på eit eige område på kommunens heimeside som personar og bedrifter kan abonnere på.
- Kommunen skal dele opp innkjøp med estimert verdi over 1,4 MNOK der det er rom for det, og der oppdeling vil kunne gjere lokal deltaking enklare.
- Kommunen skal ta omsyn til lokale forhold ved utarbeiding av anskaffingsdokumentasjonen.
- Kommunen skal knytte seg til nettverk, for eksempel Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) og KS, for å auke kompetanse og evna til å følgje opp innovasjon i anskaffingar der det er relevant.

4.5 Delmål 5: Volda kommune skal ivareta sitt samfunnsansvar i alle innkjøpsprosessar

4.5.1 Generelt

Merksemnda rundt viktigheita av offentlege innkjøp som verkemiddel for å nå ulike samfunns mål vert stadig tydelegare. Noreg er blant fleire land som i større og større grad nyttar offentlege innkjøp for å nå ulike politiske og sosiale målsetnader. Særleg innan klima og miljø, løns- og arbeidsforhold, menneskjerettigheter og økonomi.


Volda kommune har tydelege og ambisiøse mål om å ivareta sitt samfunnsansvar ved å følgje FN sine berekraftsmål. Dette inkluderer blant anna mål om å redusere kommunens klimaavtrykk og fremje miljøvennlege løysingar, motverke arbeidslivskriminalitet, sikre at tilsette og eksterne som utfører tenester for kommunen har lovlege løns- og arbeidsvilkår, tilby tenester av god kvalitet og ha ein berekraftig økonomi.

Som verkemiddel for å nå desse måla skal Volda kommune gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp, og innrette innkjøpspraksisen både etter FN sine berekraftsmål, og plikta anskaffingsregelverket pålegg offentlege oppdragsgjevarar om å ivareta relevante samfunnsomsyn i sine innkjøpsprosessar.



Figur 2: FNs berekraftsmål. Kjelde: Norad.

Volda kommune skal i sine innkjøp rette et særleg fokus på klima og miljø, sosial berekraft, økonomisk berekraft og tenestekvalitet. Dette vil ha påverknad for oppsett av tildelingskriterium og kva som vert prioritert ved evaluering av tilbod.



Figur 3: Opphavleg og mogleg framtidig prioritering av omsyn ved gjennomføring av innkjøp. Kjelde: Oslo Economics.

4.5.2 Klima og miljø



4.5.2.1 Målbilete

Volda kommune skal vere ei føregangskommune for klimavennlege innkjøp i berekraftsfylket Møre og Romsdal, og då spesielt i eigen nærregion på Sunnmøre. Kommunen brukar innkjøp som eit strategisk verkemiddel for å redusere klimagassutslepp og negativ miljøpåverknad.

Der det er relevant skal kommunen bruke om att varer og utstyr framfor å kjøpe nytt. Kommunen skal også bidra til den sirkulære økonomien ved å blant anna kjøpe brukte kontraktstingar og stille krav til bruk av resirkulert materiale der det er føremålstenleg.

Kommunen skal vidare bruke innkjøpsmakta til å aktivt påverke leverandørmarknaden, særleg lokalt, til å bli meir berekraftig. Ved å stille relevante og gode krav til klima og miljø skal leverandørar som har berekraftige løysingar få eit konkurransefortrinn.

Av relevante kategoriar Volda kommune skal prioritere når det kjem til klima og miljø nemnast bygg og anlegg, transport og køyretøy, elektronisk utstyr og møblar/inventar særskilt. Det vurderast at det er størst gevinst å hente på desse områda.

4.5.2.2 Tiltak:

- Den som gjennomfører innkjøpet og behovshavar skal i førebuingssfasa alltid gjere ei vurdering av kva klima- og miljøgevinstar kommunen kan oppnå gjennom innkjøpsprosessen.
- Som ein del av vurderinga knytt til klima- og miljøgevinstar i førebuingssfasa skal den som gjennomfører innkjøpet alltid vurdere om det er relevant med ombruk. Der det er føremålstenleg skal kommunen alltid gå for ombruk framfor å kjøpe nytt.

Der ombruk ikkje er relevant, skal den som gjennomfører anskaffinga vurdere å bruke returordning som kriterium i konkurransen. For eksempel at leverandør skal ha rutinar for avhending, resirkulering og ombruk av returnerte varar.

- Kommunen skal alltid stille relevante og eigna krav til klima og miljø. Blant anna når det kjem til merkeordningar, plast, produksjon, resirkulering, emballasje, transport og seinare ombruk.
- Kommunen skal alltid vekte miljø med minimum 30 % som tildelingskriterium, med mindre det kan dokumenterast at ein kan oppnå like god miljøeffekt gjennom minstekrav eller kontraktskrav.
- Kommunen skal prioritere og leggje til rette for innkjøp av kortreiste og lokalproduserte varer og tenester der det er forsvarleg og innanfor regelverkets rammer.
- Kommunen skal aktivt bruke statlege rettleiingar om klima- og miljøomsyn i sine innkjøp, blant anna frå DFØ og KS.
- Kommunen skal bruke offentlege nettverk som skal hjelpe offentlege oppdragsgjevarar til å fremje klima og miljø i sine anskaffingar, blant anna DFØ sin sparringstelefon.
- Den som gjennomfører anskaffinga skal vurdere å bruke livssyklusberekningar som viser kva klima- og miljøpåverknad innkjøpsgjensanden har frå produksjon til bruk og resirkulering som kriterium i konkurransen. Relevante metodar er LCA (life cycle assessment) og EPD (environmental product declaration). For bygg- og anleggsanskaffingar skal dette som hovudregel brukast som kriterium.

4.5.3 Sosial berekraft



4.5.3.1 Målbilete

Volda kommune skal ha fokus på sosial berekraft i sine innkjøpsprosessar. Dette gjeld både omsyn til personvern, løns- og arbeidsvilkår, menneskjerettigheiter og etisk handel.

Av relevante kategoriar Volda kommune skal prioritere når det kjem til sosial berekraft nemnast bygg- og anlegg, reinhaldstenester, helse- og sosialtenester, tolketenester og IKT- løysingar særskilt. Det vurderast at det er størst gevinst å hente på desse områda.

Utover dette er Volda ei Fairtrade- kommune, og skal halde fram med å vere det. Fairtrade er ei viktig ordning for å sikre sosial berekraft. Kommunen skal arbeide kontinuerleg med å auke delen av Fairtrade- sertifiserte produkt som kjøpast inn.

4.5.3.2 Tiltak:

- Kommunen skal ivareta omsyn til sikkerheit og personvern i alle innkjøp der det er relevant:
 - Ved kjøp av IKT- løysingar skal rutine og standardkrav ved anskaffing av system, modular og appar følgjast.
 - Det skal gjennomførast nødvendige vurderingar knytt til personvern, inkludert behov for DPIA.
 - Det skal stillast krav til sikkerheit og personvern, inkludert informasjonssikkerheit, etterleving av personvernsprinsippa og innebygd personvern.
 - Det skal inngåast databehandlaravtale med alle aktuelle leverandørar.
 - Det skal utarbeidast behandlingsprotokoll der det er aktuelt.
- Kommunen skal ivareta omsyn til løns- og arbeidsvilkår og andre sosiale forhold:
 - Ved gjennomføring av bygg- og anleggsanskaffingar og andre innkjøp med risiko for brot på krav til løns- og arbeidsvilkår skal rutine for oppfølging av løns- og arbeidsvilkår følgjast, og det skal gjerast ei konkret risikovurdering i tråd med rutinen.
 - Kommunen skal stille seriøsitetskrav i alle bygg- og anleggsanskaffingar og andre anskaffingar der det er relevant, basert på gjeldande malverk.
 - Kommunen skal foreta stikk kontroll av om krav til løns- og arbeidsvilkår, og eventuelt andre seriøsitetskrav, er oppfylt for anskaffingar der risikovurderinga tilsei at det kan førekomme brot på krava.
 - Kommunen skal stille krav om bruk av lærlingar og andre eigna krav som fremjar inkludering i arbeidslivet der det er relevant
- Volda kommune skal søke å knyte seg til relevante nettverk for å auke kompetanse om og evna til å fremje sosialt berekraftige innkjøp. Eksempel på relevante nettverk er Fairtrade Norge som kommunen er ein del av.

4.5.4 Økonomisk berekraft



4.5.4.1 Målbilete

Volda kommune skal gjennomføre innkjøp som gir best mogleg balanse mellom økonomi, tenestekvalitet og samfunnsansvar. Dette gjeld både ressursbruk under sjølve anskaffingsgjennomføringa og innkjøpsgjennstanden.

Pris og økonomi skal vere eit sentralt moment i alle innkjøp kommunen gjennomfører, og pris skal vegast opp mot andre kriterium som for eksempel kvalitet og samfunnsansvar. Bruk av andre kriterium enn pris skal gi ein reell meirverdi. Det er ikkje alltid slik at kommunen har behov for det beste produktet eller den beste tenesta tilgjengeleg. Ofte vil ei billigare løysing med akseptabel kvalitet oppfylle behovet på ein tilfredsstillande måte. I andre tilfelle vil lågare kvalitet kunne føre til høgare kostnadar på lang sikt, for eksempel knytt til meirarbeid eller dårleg tenesteproduksjon. Ei

forsvarleg avveging av pris opp mot andre kriterium skal difor vere eit sentralt ledd i innkjøpets førebuingssfasen.

4.5.4.2 Tiltak

- Som ein del av arbeidet med å identifisere og realisere gevinstar skal behovshavar og den som gjennomfører innkjøpet alltid søke etter potensiale for økonomiske innsparingar.
- Behovshavar og den som gjennomfører innkjøpet skal ha tett dialog med brukargrupper og leverandørmarknaden i førebuingssfasen for å identifisere innsparings- og effektiviseringspotensial. For eksempel ved å be leverandørar om tilbakemelding på potensielt fordyrande element.
- Volda kommune skal i større grad bruke analyse av livssyklus kostnader ved gjennomføring av innkjøp der det er relevant.
- Volda kommune skal ha ein aktiv og effektiv avtaleforvaltning der kontraktseigar skal sikre at potensialet som ligg i inngåtte avtalar faktisk vert realisert.

4.5.5 Tenestekvalitet



4.5.5.1 Målbilete

Volda kommune sine innkjøp skal bidra til at innbyggjarar og næringsliv får tilbod om kvalitativt gode, tidsriktige og berekraftige tenester.

Samfunnet er i stadig endring og endringane skjer raskare enn nokon gong tidlegare. Volda kommune skal bruke innkjøp som verkemiddel for å sikre gode tenester både for notid og framtid. I tillegg skal innkjøpsmakta brukast til å drive fram nødvendig omstilling i kommunens tenestetilbod der det er nødvendig.

4.5.5.2 Tiltak

- Volda kommune skal ha fokus på tenesteutvikling- og produksjon ved gjennomføring av innkjøp. Alle innkjøp skal anten direkte eller indirekte medverke til at kommunen kan tilby gode tenester til publikum.
- Volda kommune sine innkjøp skal baserast på grundige behovsanalysar, og moglegheitsstudiar der det er relevant.